

Bok på 1-2-3



Reisa til verdas farlegaste land

Av Malte Persson og Rui Tenreiro
Gjendikta av Simen Hagerup

Undervisningsopplegg for 4.–7. trinn i faget norsk

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skjermvisning i klasserommet
- Skrive ut illustrasjonar
- Skrive ut skriveramme frå skrivesenteret.no: Planlegge ei grøssarhistorie (vedlegg 1)

Tilleggsressursar til lærar

- Korleis formidle bøker til barn?
nynorsksenteret.no/formidle
- Film: Den vaksne mellom boka og barnet:
nynorsksenteret.no/boklesing

Kort om boka

Simen Hagerup si gjendikting av Malte Perssons *Reisa til verdas farlegaste land* tek oss med til ei verd med både sjøuhyre, troll, spøkelse og andre skumle vesen. For å kome deg fram til slottet må du gjennom skogen, med alle slags prøvingar. Dei makabre, men humoristiske illustrasjonane støttar godt opp om teksten. Her er akkurat nok grøss og gru til at nakkehåra reiser seg, men ikkje verre enn at du får sove om kvelden.

Formål

Norsk

- Lese og arbeide med eit breitt utval bøker og tekstar
- Gjennom munnleg og skriftleg kommunikasjon sette ord på eigne tankar og kome med eigne meiningar og refleksjonar
- Skrive forteljande, beskrivande, reflekterande og argumenterande tekstar etter mønster av eksempeltekster og andre kjelder, og tilpasse eigne tekstar til formål og mottakar

Kort om opplegget

- Undervisningsopplegget fokuserer på høgtlesing av boka, litterær samtale og kreativ skiving.
- Lærar står sjølvstøtt fritt til å arbeide med skriveoppgåvene i eit lengre tidsrom enn det som er skissert i dette opplegget.

1 Før lesing

(10 minutt)

Vis framsida av boka på storskjerm og snakk saman om det de ser.

Kva er tittelen på boka?

Reisa til verdas farlegaste land.

Kva viser illustrasjonane?

Fortel tittelen på boka og illustrasjonane oss noko om kva forteljinga handlar om?

Framsida på boka hintar om eit spennande og skummelt innhald.

Kva trur du forteljinga handlar om?

Her kan elevane kome med eigne tankar og innspel. Noter elevane sine forslag på tavla eller smartboard.

Kva er det som er skummelt med illustrasjonane på framsida?

Kanskje er noko skummelt for enkelte, men ikkje for andre.

Diskuter saman.




2 Lesing

(20 minutt)

Læraren les høgt samstundes som elevane ser boka på storskjerm.

Forklar gjerne nye og ukjende ord undervegs i lesinga.



3 Etter lesinga

(60 minutt)

Litterær samtale i klasserommet (15 minutt)

Vis vedlegget *Litterær samtale i klasserommet* (vedlegg 2) på storskjerm. Her får elevane sjå framsida av boka med forslag til samtalepunkt.

1. Elevane snakkar saman to og to om handlinga i boka.
2. Felles samtale i klasserommet. Lærar noterer punkt og kommentarar på tavle/smartboard etter kvart som de går gjennom samtalepunkta. Her kan de også sjå tilbake på elevane sine forslag i aktivitet 1 *Før lesing*.



Skriveverkstad (45 minutt)

Elevane skal planlegge og skrive ein kort tekst med utgangspunkt i framsida på boka. Eleven kan ta utgangspunkt i ein enkelt skikkelse eller framsidebiletet som ei heilheit. Skikkelsen i illustrasjonen kan vere hovudkarakteren i eleven si forteljing eller biletet kan vere setting for forteljinga.

1. Lærar deler ut arket *Planlegge ei grøssarhistorie* frå Skrivesenteret. Lærar går gjennom arket saman med elevane før dei tek til på aktiviteten.
2. Lærar finn fram framsida av boka og viser på storskjerm.
3. Elevane skal planlegge og skrive ei kort grøssarhistorie.

